

Lustramodellen godt motteken i Loen

Leiar Odd Atle Stegegjerdet og dei tre arbeidstakarane John, Terje og Unni ved Arbeids- og treningsenteret (ATS) hadde som kjent eit innslag på ca. ein og ein halv skuletime under

Habiliteringskonferansen i Loen forrige torsdag, 17. oktober. Temaet var å syna fram ein del av det me har fått til i Luster når det gjeld arbeid for yrkes- og utviklingshemma.

Habiliteringstenesta er oppteken av å setja fokus på alt det gode arbeidet som vert gjort for denne gruppa rundt om i kommunane, fordi det etter deira mening er alt for mykje negativ informasjon som kjem fram. Og negativ omtale avlar som kjent negativitet hjå dei involverte, og dermed dårligare utvikling innafor området.



Arbeidsglede og livsglede

Lestringane hadde kalla innslaget sitt "Arbeidsglede og livsglede". Først fortalte dei litt om Luster og ATS som ein bakgrunn for det som seinare skulle visast. I tillegg vart det vist videoar med kommentarar ved arbeidstakarane sjølv, Odd Atle og Einar Lunga, samt korte intervju med kvar av arbeidstakarane.

Presentasjonen vart svært godt motteken. Tilbakemeldingane og kommentarane var mange og ulike, frå dei som beit seg merke i produksjonsdetaljar, utstyr etc., til dei som kommenterte at dei let seg imponera av den gode integreringa me har oppnådd i Luster: Arbeidstakarane synest vera godt kjende i lokalmiljøet, og har oppgåver som betyr noko for lokalsamfunnet.

Lestringane til Tyskland?

Noko av det mest spesielle vart kanskje likevel at i eitt av dei seinare hovudinnsлага opna Ines Boban føredraget sitt med å skamrosa lusteringane sitt arbeid, samt å fortelja at ho ville føreslå innslaget synt fram under ein stor, internasjonal konferanse i Tyskland i 2003. Ines Boban er professor i spesialpedagogikk ved universitetet i Halle, og har studert utviklinga innafor desse tenestene i Tyskland i fleire årtier. Og etter hennar mening var Lustramodellen heilt i tråd med det ho og miljøet rundt henne meinar er den beste utviklinga innafor dette feltet.

Og dersom det me får til i Luster har internasjonal interesse, får me oppmoda Odd Atle, John, Terje og Unni til å vera frimodige og visa innslaget sitt for eit internasjonalt publikum, til beste for alle som treng slike tenester.



Spesialpedagog Ines Boban - professor ved universitetet i Halle, skamrosa lusteringane. Ho ville føreslå at innslaget deira vart presentert på ein internasjonal konferanse i Tyskland 2003.



ATS-leiar Odd Atle Stegegjerdet (t.h.) og arbeidstakar John under presentasjonen. Leiar av habiliteringstenesta i fylket, Einar Lunga, prøver å få "John si side" opp på storskjermen.